


Fagrådet september 2019


Samhandlingsavvik frå 01.01.19 -31.08.19

Irene Barmen Hoel
Seksjon Kvalitet og pasienttryggleik


Samhandlingssaker per 01.09.19




Avdelingar som har meldt saker



Kommunar som har meldt saker



Avdelingar saker er melde til



Kommunar saker er melde til





Kommunar som ikkje har nokon samhandlingssaker

- Balestrand
- Gaular
- Hornindal
- Lærdal
- Selje

Tema for samhandlingssakene vår 2019 (frå fagrådet i april)

- Mangla informasjon om omsorgsnivå i kommunen
- Unødige innleggingar pga. feilvurdering
- Sein utskrivingsrapport
- Manglande samstemming legemiddel inn og ut
- Epikrise manglar
- Uavklart HLR-status
- Manglande behandling av sår
- Kreftpasient fall ut av behandlingsforløp
- Pasientar tilvist til MR utan at sjekklister er fylt ut

Mange av sakene er ikkje ferdigbehandla, svar manglar.

Tema for samhandlingssakene sommar 2019

- Dårleg organisering av heimreise frå sjukehus
- Manglande behandlingsplan frå kommunelegen
- Manglande info til kommune om hjelpebehov
- Manglande info om trykksår ved innlegging og utreise
- Ikkje informasjon om nevrologiske utfall ved akutt innl.
- Manglande informasjon om legemiddelliste ved utreise
- Forseinka epikrise

Svar på meldingane frå 2019

Per 04.09.19 manglar desse kommunane svar på sakene sine frå sjukehuset, til saman 15 saker, dato for brev:

Gulen 22. aug	Bremanger 20.aug, 14.mai	Eid 19. aug, 17. juni	Vågsøy 25. juli
Høyanger 15. juli	Luster 27. juni	SYS IKL 26. juni	Flora 21. juni
Gloppen 5. juni	Sogndal 14. mai	Hyllestad 17. juni, 19.feb.	Vik 14. feb.
Leikanger 12. feb.			

Svar på meldingane frå 2019

Per 04.09.19 manglar Helse Førde svar frå desse kommunane / avdelingane, sendt brev dato:

Leikanger legekontor 4.jan	Høyanger sjukeheim 7. jan	Naustdal sjukeheim 23. jan	Askvoll sjukeheim 23.jan
SYS IKL 24. juni	Flora pleie og omsorg 1. juli	Flora bustad- kontor 1. juli	Fjaler kommune 1. juli

Dårleg planlegging av heimreise

Pas med Alzheimer skulle reise frå sjukehuset i Førde til Solund. Han blei send med drosje frå Førde til Rysjedalsvik ferjekai. Her skulle han vente ein time på ferje. Han kom seg ikkje på ferja, og måtte vente i tre timar før han fekk hjelp.

Årsak: Avdelinga hadde ikkje lagt inn informasjon til pasientreiser om at pasienten ikkje kunne vente åleine.

Til alt hell hadde pasienten mobiltelefon, og fekk varsla pårørande om kvar han var.

Fekk ikkje transport heilt heim

Pasient reiste frå psykiatrisk klinikk i Førde til ei bygd i Sogn. Tok buss frå Førde til Lavik. Tok ferje over. Venta i 40 min på buss. Tok buss vidare til endestoppet. Haika eit stykke. Måtte til slutt gå 4 km til heimen.

Pasienten hadde vore innlagt lenge, måtte bere bagasjen. Då han kom heim, var der ikkje mat heime. Det var avtale om besøk frå psykisk helseteam neste dag.

Pasienten var framleis ganske sjuk, og blei tvangsmedisinert.

Årsak: Avdelinga har ikkje svart ut saka enno.

Trykksår og skade ved innlegging

Ein pasient blei innlagt på medisinsk avdeling. Ingen informasjon om sår eller skader.

Då han kom, fann dei at han hadde fleire trykksår på rygg, sete og hælane. Hadde sår hud fleire stader på kroppen.

Hadde også hematom og hevelse i handledd. Tok røntgen som viste brot i handleddet.

Årsak: Ventar på svar frå kommunen.

Trykksår ved utskriving

Pasient med heil hud blei innlagt. Då pasienten kom tilbake til sjukeheimen, hadde pasienten trykksår grad 1 på venstre seteball, og grad 3 på sacrum.

Pasienten var i risikozonen for trykksår med: overvekt, inkontinens, sengeleie, diabetes og høg alder.

Årsak: Pasienten var ikkje følgd opp med screening ved innkomst. Ikkje sett i verk gode nok tiltak då tendens til trykksår blei oppdaga.



Bomtur

Pasient frå omsorgssenter til sjukehus for kontroll og opplæring av PEG-sonde hos stomi-sjukepleiar. Lang transporttid, bilsjuk og sliten pasient.

Reiste i ambulanse utan følgje frå kommunen.

Målet med timen var dialog med personell frå kommunen om ernærings situasjon og opplæring i vidare ernæring/ behandling. Pasienten hadde lite nytte av timen.

Årsak: Sjukeheimen hadde ikkje fått skriftleg informasjon om timen, og heller ikkje informasjon om at det skulle vere med følgje.